

---

Vår referanse 2020/77243-5  
Dato 02.11.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr 185 bnr 3 - Isdal - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, viser til utført synfaring fredag 29. oktober. Vi blei vist kor traseen til landbruksvegen skal gå. Den vil bli lagt slik i terrenget at den blir minst mogleg synleg frå gardstuna på Isdal. Veggen vil ikkje kome i konflikt med verneverdige kulturminne. Det går ein steingard i området, men veggen skal leggast på nedsida, eit stykke frå denne. Breidda på veggen skal vere på omlag 2 meter, og ein vil unngå skjemmaende skjeringar. Vi har ingen innvendingar til tiltaket når det gjeld kulturminne og kulturmiljø, så lenge tiltaket blir utført som skissert.

Vi vil til sist minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Berit Vik  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*